

Brudlaupsfolk, benkja kring bord. Høyr mine velkomstord.

Dagen er skapt til gleda. Med høgtidskjensle vil gleda fli seg, fordi ho har framtid i seg. Og eg er gleda sin ærendsvenn, og ynskjer dykk vel møtt kvar og ein!

Ja dette er ein fager dag, ein glede-dag for kona mi og meg, me gled oss ved å sjå Bergljot som brur. Ho har fått ein kjekkandes kar til brudgom, og me ynskjer Nils velkommen som verson. Me set pris på deg og likar deg alle saman.

Det var ein ruskeværsdag om hausten for snart 29 år sidan at Bergljot vart fødd. Me gledde oss over at me alt hadde 2 småtuller. Ivar let heller ikkje lenge vente på seg, for Dagrunn var ikkje meir enn 3 år då huslyden hadde vokse til.

Bergljot har alltid vore snill og god i seg. Og når nokon lei vondt anten det var menneskje eller dyr so var det vondt for henne og. Ho har også vore svært heimekjær. Eg minnest soleis ein gong desse 3 skulle fylgje mor si til Voss. Komne om bord i båten gret Bergljot og ville på land att til papen. Eg kan og nemne at når ho hadde lagt seg om kvelden, fekk mora påbod om at ho ikkje måtte gå ut – du må vere på kjøkenet mamma.

Du har streva med mykje skulegange, og det er ikkje nokon dans på roser det heller. Det som var mest til minus likevel var heimlengten. Og fyrste gongen turen skulle gå til Sogndal på realskule, var humøret på null. Ja, du har alltid vore snill og hjelpsam heime, og det takkar me for. Atterskinet av ditt venlege vesen vil nok leva innom veggene i barndomsheimen etter du har flytt ut.

Mor mi sa ein gong til meg då eg ikkje hadde gjort etter hennar ynskje; "Det var godt so lenge de var småe". No var ikkje dette meint så bokstaveleg av mor, sjølv om det ikkje var sagt utan grunn. Men eg vil seie at det ikkje berre er når borna er småe det er gildt, men også når dei er vaksne, og det blir det når det er kameratskap mellom foreldre og born.

Einskap og truskap og kjærleik må råde. Kjærleiken er det einaste som er att av paradiset på jorda, og der det er kjærleik vert ikkje husfreden skipla. Det gjeld derfor om ikkje å spare på smilebandet, det kostar heller ikkje så mykje.

Eg sa at dette var ein glededag, men det kan også kjennast noko sorgsamt. Det er gjerne so at når borna blir gifte kjem dei meir på avstand frå foreldra, men vil likevel tru at du ikkje er tapt for oss.

Så vil eg ynskje at lukka må fylgje dei nygifte, og at kjærleiken alltid får råde i heimen dykkar!